

Oppstartsmøte styrka marin innsats

Notat frå møtet

Dato: 06.10.2023

Stad: Vestlandshuset, Bergen

Deltakarar:

- Anne Brønsten Osland, Fiskeridirektoratet
- Martin Mathisen, Fiskeridirektoratet
- Hulda Bysheim, Mattilsynet
- Julie Marie Andersen, Statsforvaltaren i Vestland
- Ingrid Lundamo, Sjømat Norge
- Krister Hoaas, Sjømat Norge
- Tore Alfheim, Innovasjon Norge
- Trond Olav Wahl, Vestland fylkeskommune
- Endre Korsøen, Vestland fylkeskommune
- Silje Vindenes, Vestland fylkeskommune
- Knut Martin Karlsen, Vestland fylkeskommune
- John A. Gladsø, Vestland fylkeskommune
- Endre Høgalmen, Vestland fylkeskommune
- Bård Sandal, Vestland fylkeskommune

Bakgrunn for møtet

Det er mange aktørar som arbeider godt med å løyse sentrale utfordringar innan akvakultur, i ei tid med styrka merksemd på miljø, naturmangfold og klima. Vi kan lukkast betre om vi samarbeider tettare i arbeidet med å løyse desse kompliserte problemstillingane. Gjennom dette fellesprosjektet skal dei mange aktørane frå offentleg verksemd, næringsliv og kunnskapsmiljøa samarbeide tettare for å lukkast i arbeidet med å skape meir verdiar, samstundes som vi gjer dette med mindre avtrykk på omgjevnadane våre. Vi skal kort og godt samle oss om ein sams innsats for å sikre ei berekraftig akvakulturverksemd i Vestland.

Innleiande i møtet

Etter innleiande ord frå Bård Sandal og presentasjonsrunde gjekk Endre Høgalmen gjennom dagens situasjon og innsats, og kva vi skal løfte saman framover.

Gjennomgang av prosjektet med prosjektplan og organisering

John A. Gladsø gjekk gjennom prosjektplanen og organiseringa. Det var innspel og samråding undervegs.

Samråding og synspunkt – nokre hovudtrekk

Den utarbeidde prosjektplanen vert i hovudtrekk lagt til grunn for det vidare arbeidet. Med tanke på dei seks innsatsområda kan det vere nærliggande at arbeidet vert samla i tre grupper, med tanke på å ha færre grupper i arbeid.

Ei betre arealplanlegging er ein sentral del av prosjektet, der det er viktig å sjå større område i samheng og støtte kommunane i deira arbeid. Dette også med tanke på at nye driftsformer kan forde meir areal. Det vart understreka at biosikkerheit står høgt på dagsorden, jf. m.a. samarbeid kring brakkleggingssoner.

Styringsgruppa

Styringsgruppa hadde si første samling gjennom dette møtet. Styringsgruppa samla seg i hovudtrekk om prosjektplanen. Det vert arbeidt med nokre avklaringar som styringsgruppa vil få seg førelagt. Dette gjeld m.a. rolla til Sjømatbedriftene i dette prosjektet. Styringsgruppa vert samla på nytt når prosjektgruppa har fått litt tid til å arbeide, venteleg i desember.

Prosjektgruppa

Prosjektgruppa hadde også ei første samling denne dagen. Det finst mykje informasjon og forsking kring akvakultur. Vi drøfta m.a. behovet for å systematisere og stille saman eksisterande kunnskap. Det ble konkludert med at vi lager eit innkjøp på eit slikt arbeid. Vestland fylkeskommune følgjer opp det. Det vart også konkludert med at det er behov for meir forsking på smittespreiing og miljøpåverknad. Det ble vidare diskutert prosjektstruktur og bemanning, og korleis kvar enkelt kan bidra.

Vidare arbeid

- Styringsgruppa tek eit møte i desember, og avklarar problemstillingar som kjem opp no når prosjektgruppa har fått arbeid litt. Tar då også stilling til Sjømatbedriftene si rolle i prosjektet.
- Prosjektgruppa har avtalt nytt møte 3. november.
- Fylkeskommunen skal vurdere bruk av konsulent for samanstilling av kunnskap. Dette vert sett på dagsorden til prosjektgruppa sitt møte 3. november.
- Vurdering av prosjektstruktur basert på tilbakemeldingar frå oppstartsmøtet.